



## **AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen**

Utvalg: **Arbeidsutvalet**  
Møtested: Telefon  
Dato: 22.03.2013  
Tid: 10:00 – 11:30

### **Del 2**



## AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

### Saksliste

Saksnr	Innhold	Lukket
PS 9/13	Arild Fallingen. Søknad om bruk av snøskuter - retur av utstyrs-kasser.	



## AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

### Saksutredning

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
9/13	AU – Nasjonalparkstyret for Reinheimen	22.03.2013

### Arild Fallingen. Søknad om bruk av snøskuter – retur av utstyrs-kasser.

#### Bakgrunn:

Skjåk kommune v. Tor Taraldsrud har i e-post dagsett 27.02.13 fremma følgjande søknad for Arild Fallingen:

«Arild Fallingen søker om å få transportert to utstyrs-kasser i retur. Desse kassene var utplassert i forbindelse med et hingsteslipp som skulle arrangerast sommaren 2011. Det er ønskelig å få transportert kassene tilbake. Det er ei utstyrs-kasse som står ved Tverråhytta og ei saltbalje som står på sørsida av Tora, 500m vest for hengebrua.

Det vart gjeve løyve til transport av kassene i fjor vinter, Skjåk Røde Kors Hjelpekorps skulle ta dei med samstundes med eit anna oppdrag. Dessverre klarte dei ikkje å finne kassene og dei vart ikkje med ut at.

Eg snakka med Arild Fallingen måndag 11. mars der han ynskja å få henta ut dei to utstyrs-kassene. Etter samtale med Trond Stensby vart vi einige om å prøve å koordinere transport i området for å redusere motorferds-la totalt sett. Arild kontakta derfor Skjåk Almanning for om mogleg å sitja på med dei innover Tordalen sia dei likevel har løyve til scootertransport i området. Skjåk Almanning v/Birgit Bilstad var innover Tordalen torsdag 14. mars. Det var meininga at Arild skulle vera med, men grunna kalving heime kunne han likevel ikkje delta. Bilstad såg etter kassene når ho likevel var innover, men såg ikkje noko til dei. Skjåk Almanning har ikkje fleire turar i området. Arild Fallingen har og vore i kontakt med SNO, men dei har heller ikkje sett kassene. –Det ser ut til å bli naudsynt med ein del graving.

Eg snakka med Arild på tlf i går (15. mars) og sender fylgjande søknad på vegne av han: Arild søker derfor om å få lov til å køyre inn sjølv for å hente utstyrs-kassene. Veden i eine kassa ynskjer han å transportere til Tverråhytta sia det er kort transport dit. Dette gjer og at Skjåk Almanning får mindre behov for vedtransport dit seinare. Han vil i så fall legge opp til ein todagars tur med overnatting i Tverråhytta og få med seg ein person til å grave.

Snøscootertransport i Reineheimen skal som hovudregel foregå ved hjelp av leigekøyrar. I dette tilfellet vil det truleg bli betydelig dyrare med leigekøyrar enn å køyre sjølv sidan oppdraget ser ut til å inkludere graving og leiting for å finne utstyrs-kassene og kanskje gå over to dagar.

Sakslista for AU-møte i Nasjonalparkstyret for Reinheimen vart sendt ut i går (15.mars). Håper likevel at det går å få denne søknaden med på same møtet.



## AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

*Løyvet som vart gjeve i fjor vinter ligg vedlagt i produksjonsformat til orientering.»*

[URL \(internettadresse til kartutsnitt\)](#)

### Vurdering:

Det blir søkt om

1. **Bruk av snøscooter til å transportere utstyr som er brukt i samband med hesteslepp, og lagra i kasser i Tordalen.** Transport av kassene må behandlast etter naturmangfaldlova § 48, då transporten ikkje er knytt til ei bu eller hytte.
2. **Bruk av snøscooter til å transportere ved til Tverråhytta. Veden er lagra saman med utstyret, jf. pkt 1.** Det kan gjevast løyve til slik transport av ved med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b).

Transporten det er søkt om skal skje i Reinheimen nasjonalpark.

Arild Fallingen plasserte ut ei kasse med utstyr, og ei saltbalje i samband med eit hesteslepp som skulle arrangerast sommaren 2011. Hestesleppet er ikkje vidareført, og det er derfor eit dokumentert behov for å få transportert ut utstyret.

Fallingen har prøvd ulike løysingar for å få ut kassene:

- samarbeid med Skjåk Røde Kors Hjelpekorps
- samarbeid med Skjåk allmenning.

Det har ikkje lukkast å finne att kassene, delvis fordi dei ligg under snøen, og delvis fordi Fallingen ikkje har hatt høve til å vera med.

Fallingen søkjer om sjølv å få køyre inn og hente kassene, fordi det kan ta tid å finne kassene og grave dei fram. Det er vist til mogleg behov for overnatting, og at det såleis kan bli kostbart å ha med ein leigekøyrar. I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt til grunn at det skal nyttast leigekøyrar ved slike transportar, t.d. ved utkøyring av saltstein til bruk på utmarksbeite med sau og storfe.

Då det kan vera vanskeleg å kjenne seg att i snødekt terreng ser sekretæren det slik at det ikkje er nokon garanti for å finne kassene om Fallingen sjølv får køyre innover utan bruk av leigekøyrar. Ein ser det såleis som ei betre løysing at Fallingen får løyve for ein tur i 2013 og ein tur i 2014, med bruk av leigekøyrar. Skulle turen i 2013 mislukkast, kan lokaliseringa av kassene merkast med GPS på barmark i 2013. Då kan dei lett finnast att vinteren 2014.

### Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova

#### § 8 Kunnskapsgrunnlaget

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltaka. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden.

#### §§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning

Tiltaka det er søkt om har eit avgrensa omfang. Sjølv om det neppe vil komme mange liknande søknader, er det viktig å halde på prinsippet om bruk av leigekøyrar. Bruk av leigekøyrar er lagt som ei viktig ramme for motorferdsla i verneområdet.

#### § 11 Kostnader ved redusert miljøkvalitet



## AU - Nasjonalparkstyre for Reinheimen

Ikkje relevant for søknaden.

§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Transport på snødekt mark og på vatn gjev ikkje varige skader på naturen. Det er positivt at kasser og utstyr blir fjerna.

### **Innstilling:**

Arild Fallingen får følgjande løyve:

1. Bruk av snøskuter til transport av ved som er lagra i Tordalen til Tverråhytta. Løyvet er gjeve med heimel i verneforskrifta for Reinheimen nasjonalpark § 3, pkt. 6.3 b).
2. Bruk av snøskuter til transport av utstyrskasse og saltbalje frå Tordalen fram til bilveg i Billingsdalen. Løyvet er gjeve med heimel i naturmangfaldlova § 48.

### **Det blir sett følgjande vilkår:**

1. Løyvet blir gjeve for 2013, og for 2014 dersom transporten ikkje let seg gjennomføre i 2013.
2. For transport med snøskuter skal det nyttast leigekøyrar, jf. forskrift om bruk av motoriserte køyrety i utmark og på islagde vassdrag § 5 a).
3. Det blir gjeve løyve for inntil 1 tur pr. år.
4. Snøskutertransporten skal mest mogleg følgje same køyrespor tur-retur.
5. Snøskutertransporten skal gjennomførast innan 20. april kvart år, evt. 3. påskedag om den er seinare en 20.april. Transporten bør ikkje skje i påska og helst ikkje i helg.
6. Snøskutertransporten skal meldast seinast dagen før til SNO (Per Olav Haugen, mob. 970 57 213), som vil gje melding om det må takast særlege omsyn i områda.
7. For snøskutertransporten skal det førast køyrebok, som skal fyllast ut på førehand og vere med køyretøyet under transporten. Kopi av køyrebok skal sendast forvaltningsmynde innan 5. juni 2013.
8. Det skal takast spesielt omsyn til villreinen under transporten. Om det er rein i planlagt køyrerute skal ein vente til dyra har trekt unna, eller til ein kan køyre rundt dyra i en avstand på minimum 500 m på le side.
9. Køyvinga skal skje skånsamt med tanke på natur og miljø.